




Sumardag for Raudkolla på Lygra  
Foto : Torhild Kvingedal

## Årsmelding 2017

 Lyngheisenteret på Lygra

Museumssenteret i Hordaland



**NOEN FARGESPRAKENDE URTER UTNYTTER DEN NITROGENRIKE PERIODEN RETT ETTER EN LYNGBRANN.**

ILLUSTRASJON: PETER EMIL KALAND/KJØRSTI ISDAL

# Årsmelding 2017

## Forord

*Kort samandrag : Lyngheisenteret på Lygra*

*Opna i 2000. Areal: 1500 mål lyngheier og 500 mål innmark fordelt på 5 gardsbruk. Restaurering: 30 eldre bruksbygningar og 1,5 km steingarder. Omfattande rydding av krattskog og utbedring av lyngbeiter, 4 km med tilrettelagte stiar gjennom lyngheiene.*

*Informasjonsbygg: Matstove, auditorium , klasserom, utstilling, kontor.*

*Gardsbruk 57/2 på Lygra vart i 2015 kjøpt av Lyngheisenteret /Museumssenteret i Hordaland og er integrert i drifta.*

Vernearbeidet på Lyngheisenteret /Lygra har sitt utspring frå Universitetet i Bergen (UIB) sitt tverrfaglige forskingsprosjekt 'Lindås prosjektet ' på 1970-tallet.

Eit av dei viktigaste funna i prosjektet var at kystlyngheiene var meir enn 4000 år gammalt kulturlandskap og at det var dei tradisjonelle driftsformene som hadde gitt lyngheiene sitt karakteristiske kulturlandskap..

Utgangspunktet var eit heilskapleg vern gjennom aktiv autentisk drift Alle fem gardane på Ytre Lygra er med i samarbeid med Lyngheisenteret / Museumssenteret i Hordaland for å bevare den autentiske lyngheidrifta. Hausten 2014 kjøpte Lyngheisenteret v/ Museumssenteret i Hordaland bruk nr 57/2 og er no også grunneigar på Ytre Lygra.

## Føremål:

- a) **Kulturlandskap** – Jordbruksproduksjonen til gardsbruka skal drivast på ein slik måte at det historiske kulturlandskapet på Ytre Lygra og Lurekalven vert halde i hevd. Setja lyngheilandskapet på Lygra inn i ein nasjonal og internasjonal samanheng
- b) **Forsking** – Det skal drivast vitskapeleg forskning og forsøksverksemd.
- c) **Formidling** – Det skal formidlart kunnskap om kulturlandskap til publikum
- d) **Undervising** – Ein skal samarbeida med utdanningsinstitusjonar om undervisingstilbod innan kulturlandskap, kystkultur, friluftsliv og miljølære.
- e) **Næringsverksemd** - ein skal samarbeida med friluftsliv- og reiselivsorganisasjonar for å **fremje reiselivet i regionen.**

Like eins skal ein samarbeida med næringslivet for å **fremja lokal og regional næringsutvikling basert på verdiar som ligg i det historiske kulturlandskapet, og engasjera seg i den framtidige utnyttinga av ressursane i det norske kystlandskapet.**

## Personale 2017

Fast tilsette:

Torhild Kvingedal	avdelingsleiar 100%
Ivar Fineid	driftsteknikar 50 %
Andrew Midson Slettbakk	kjøkkensjef 100% ( engasjement 2017)
Astrid Pletten	driftsteknikar 50 %
Rositsa Demitrova	Drift infobygg 20 % ( frå 01.10.2017)

Mons Kvamme er engasjert ( ca 20 %) som fagleg medarbeidar og formidlar/kurshaldar..

I tillegg er det leigd inn ekstra hjelp på timebasis i sesongen frå april – sept.: Stine Eikefet, Harry Køhne, , Ingrid Eikefet,Izabela Biedacha, Ruben Køhne.

## **Fagleg verksemd Lyngheisenteret 2017.**

Den faglege verksemda på Lyngheisenteret er fyrst og framst knytt til aktiv lyngheidrift i utmarka på Ytre Lygra. Her vert dei historiske arbeidsmetodane og deira effekt på landskapet synleggjort. Kunnskap og erfaring frå dette arbeidet vert formidla gjennom undervising og omvisingar ute i landskapet, i tillegg er dette ein viktig del av utstillinga i Informasjonsbygget. Lyngheisenteret er ein av dei få stadene i landet kor eit lyngheilandskap i aktiv drift samstundes er lagd til rette for forskning. Her er jamnleg aktivitet av studentar og forskarar, og me tek aktivt del i fleire forskingsprosjekt i samarbeid med ulike forskingsinstitusjonar, som t.d. UIB, NIBIO, Møreforsk m.fl.

Utover verksemda på Lygra, har det med åra kome ein aukande straum av førespurnader om lyngheidrift frå andre delar av landet. Dette har ført til ein vidfemnande kursverksemd langs heile kysten, i fruktbart samarbeid med forvaltingsaktørar og organisasjonar som MD, SNO, NLR, landbrukskontor i kommuner og fylker, Miljøvernavingar hos FM i kystfylker m.fl

## **Mål - Forvaltning**

**Innsamling:** Lyngheisenteret sine samlingar er kulturlandskapet og lyngheiene på Ytre Lygra. For å ivareta samlingane har vi ei aktiv drift tufta på tradisjonelle metodar. Drifta er i eit nært samarbeid med grunneigarane på Ytre Lygra .

Gjennom forskning i samarbeid med Bioforsk og Universitet i Bergen (UIB) samlar ein kunnskap om det kulturbiologisk systemet knytt til lyngheiene og husdyra i dette landskapet. I 2015 – har ein student tatt sin PhD grad : Life after fire: the impact of fire on species composition and diversity in coastal heathlands»

### **Samlingsforvaltning:**

*Kulturlandskap, planter* og dyr utgjer hovudtyngda av samlinga vår. Det er også dette området som får størst fokus på forvaltning, gjennom beiting med utegangersau og Vestlandsk Fjordfe /Vestlandsk Raudkolle , brenning og slått av lyng, rydding av kratt og skog.

### **Mål for avdelinga 2017:**

Forsette vedlikehalde Lyngheiene primært med beitedyr, og tillegg der dette ikkje er tilstrekkeleg manuell rydding av skog/ kratt einstape, og lyngbrenning på Tangane og Lurekalven.

Prøve ut beiting med geit på Lurekalven.

Auka beitetrykket av storfe på same område.

Vedlikehald av steingardar, gjerder, stiar, torvhus/moldhus/gardflorar, naust, og kai anlegg.

Drift av gardflor, moldtak og torvtak til formidling og undervising.



### Tiltak:

- Det er svært mykje bjørk, seljekratt og einer som groor opp på Lurekalven. Vi fekk dessverre ikkje rydda det som var planlagt på Lurekalven i jan – mars i år pga. svært dårleg ver, dette er no gjort ved årsskifte, fin ver i nesten 2 veker – gjorde at vi fekk mobilisert heile staben og innleigd arbeidsfolk og rydda mykje bjørk, einer og kratt ved Båsanen på vestsida.
- Bekjemping av einstapen og einer i lynchheiene var også høgt prioritert dette året. Vi begynte på eit område nord på Tangane som var brent for nokre år sidan og som einstapen no har kome forfullt. Det vart eit godt resultat og med innsats på same område i 2 år til bør einstapen vera kraftig redusert i dette området. Ellers har vi rydda langs stiane på Tangane og mot fjorden både på aust og vestsida.
- Vi har fått gjort eit storarbeid på gjerding på Tangane i år også. Det meste av «langgjerdet» er no skifta. Vedlikehald av stiane i området er eit kontinuerleg arbeid har kvart år, pga. av auka nedbør dei siste år går det meir tid til dette enn før.
- Moldtak og torvtak, ein nøkkelfaktor for lynchheidrifta og er tilrettelagt for undervising og formidling. Dessverre har vi ikkje teke torv og mold i år. Vi kan vel sei at dette også «regna vekk».
- Vi har auka åkerarealet med ca 1 da, og vil tilrettelegge meir for å visa det gamle åkerdrifta med vekstskifte, spajordbruket, plantevekstar. Vi har og slåttemark med ljåslått og hesjing for å vise ressursbruken på ein lynchheigard og bruker garden til formidling og undervising. Vi har beitedyr på heilårs beiting i lynchheiene på Lurekalven og Tangane, og vi samarbeider med nabobruket ang. beiting på kulturbeite med Raudkoller og sau.

### Tiltak 1: Rydding av Lyngheilandskapet

Nov -des: Rydding av krattskog som kjem opp for fullt og mykje einer. Forsette rydding av krattskog i vikane mot vest frå Griptarnåsen og vatnet og nordover.



Mars: Sviing av lyng i fleire områder på Lure kalven, ca. 27 daa.

*Ytre Lygra - på utmarka og Lyngheiene mot Tangane:*

Februar/ mars: Sviing av områder på Tangane totalt ca 10 da.

. Juni – August: Rydde vi einstape og kratt frå Stølen til Tangane og eit større området nord på Tangane

### Tiltak 2: Gjerder / grunder og stiar :

Vi har også i år hatt eit stort vedlikehald av gamle gjerder og mykje er skifta ut i utmark på Tangane. I år har skifta ut mykje av eit langgåande gjerde frå Stølen og utover til Tverrgjerde. Vi har også hatt vanleg vedlikehald av stiane og grunder på Ytre Lygra. Meir nedbør gjer at det er eit aukande behov for årleg vedlikehald. Området er ope for publikum heile året og det er derfor behov for ekstra vedlikehald av grindene og stiane i området.

### Tiltak 3: Drift moldtak / torvtak / gardflor :



#### Torvtaking på Tangane

Drift av torvtaket på Lurekalven og torvtaket på Tangane vert brukt som eit lite demonstrasjon felt for elevar og andre besøkande som ikkje kan reisa til Kalven.

Torvtaket på Kobbsteinmyra vert brukt til å halda ved like kunnskapen og tradisjonen med torvtaking, og visa ressursbruken på ein lyngheigard. Torvtaket skal brukast til

formidling og undervising. Torva vert brukt til fyring i gruva på infobygget. Det er stor interesse for torvtaking frå våre besøkande. Dette er noko mange har høyrte om, den gamle generasjonen har vore med på det, men ungdommen i dag kjenner lite til dette. Dette er ein viktig ting for å vise ressursbruken i den gamle lyngheidrifta. Vi har dessverre ikkje fått teke mold og torv i år pga. av mykje nedbør i mai/juni. Vi får likevel demonstrert og fortalt korleis dei nytta molda og torva; korleis dette var ein viktig del av gjødsels bruken og korleis dei brukte torva til brensel.



#### Tiltak 4: Slått hesjing og åkerbruk

Til slått, hesjing og åkerbruk har vi bruk meir tid enn planlagt. Vi har hatt ein større slåtteteig med hesjing og ljaslått/ maskinslått. Mesteparten vart hesja i år. Åker arealet er større enn i fjor, totalt ca 2 daa med poteter, grønnsaker, urter og bær. Vi har også hatt 2 mindre åkrar til demonstrasjon og undervising. Vi hentar tang frå fjøra for å gjødsel i dei minste åkrane. Tang var ein viktig ressurs for kystbøndene. Ein kunnskap som i stor grad er gått ut av «manns minne».

## Tiltak 5: Beitedyr



Lindyrking på Magnusgarden

Til slått, hesjing og åkerbruk har vi bruk meir tid enn planlagt. Vi har hatt ein større slåtteteig med hesjing og ljåslått/ maskinslått. Mesteparten vart hesja i år. Åker arealet er større enn i fjor, totalt ca 2 daa med poteter, grønnsaker, urter og bær. Vi har utvida bær arealet litt med bringebær, jordbær, solbær rips og stikkelsbær. Slik at vi framover skal vera sjølforsynte med bær, og grønnsaker til kjøkkenet. Lage eigen rabarbra åker. Vi har også prøvd ut ulike grønnjødslingsvekster som kan vera aktuelle i eit vekstskifte. Vi har byrja arbeidet på ein museumsåker der vi vil samla og visa dyrking av historiske nytteplanter. Her har vi hatt poteter, lin, bønner, jordskock, grønnkål mm. Vi hentar tang frå fjøra for å gjødsel i dei minste åkrane. Tang var ein viktig ressurs for kystbøndene. Ein kunnskap som i stor grad er gått ut av «manns minne». Det må ellers siast at denne sommaren har vore utruleg kald og våt og all vekst har stått i stampe. Den einaste vekste som ikkj let seg merka var linåkrane som stod fine til langt ut i oktober.

Vi er no medeigarar i villsauene som går på heilårsbeiting Lyngheiene, og har ein del arbeid i samband med dette til sanking og ettersyn. Vi har ikkje kome i gang med eigne beitedyr på innmark /kulturbeitet på eige bruk enno. Johan Lygra har beite

i randsonene på bruket og vi har sett opp eit permanent gjerde i mot aust og søraust på eigedommen som var beita av raudkoller. Mot nord og nordvest vart det beita med sau vår og haust, og på myra mot vest ca 12 da vart hausta av Johan i hovudsak høyr og litt silofôr. Vi har fått bra resultat med mekanisk bekjemping av lyssiv som er eit problem både på beite og slåttearealet.

## Bygg og anlegg

### Mål for avdelinga i 2017:

Vedlikehald av moldhus, gardflorar, torvhus, løe og naust, Totalt har vi vedlikhaldsansvar for 11 eldre bruksbygninger.



Vedlikehald av stiar og steingardar.

I tillegg til infobygg og kaianlegg av nyere dato.

Gardsbruket 57/2, oppussing og vedlikehald av våningshus.

### Tiltak

**Skifta lerketaket på infobygget.** Lerketaket på Infobygget vart ei stor nyheits sak i slutten av mars i fjor. Det vart innslag både på TV og radio.

For oss var det ei gamal sak – vi har visst i fleire år at taket mått skiftas. Kort oppsummert var det positivt at det kom fokus på dette ; kvaliteten er sjølvsagt avgjerande for kor lenge eit slikt tak ligg, og at ein nok bør behandle tretak i ytre kyststrøk. No har vi bytta til alen furu og som vert tjørebredd. Vi fekk skifta ca ¾ av vestsida i 2016 , og skulle ta resten no i 2017. Vi fekk bytta noka , men pga av dårleg ver og regn, står det enno noko att som må takast i 2018.



**Gardshuset :** Skifta kledning og etterisolert 1 yttervegger med trefiber mot nord. Resten av huset skal takast i 2017.

Måla ferdig ytterveggar som er skifta. I kjellaren har vi ferdigstilt dusj, toalett og garderobe for ute arbeidarane. I tillegg har vi fått eit godt grovkjøkken /vaskerom/tørkerom. Endeleg har dei som arbeider

ute ein varm og tørr garderobe.

Vi har renoverert nordre stova og gangen i 1. etasje i tillegg til eit kammers i 1. etasje. Vi sette inn dei gamle dørane som vi fann i løa ogsetter dei stand. Mala ytterkledningen Gardshuset. Skiftinga av kledning og etterisolering av nordre veggen på Gardshuset.



Drift av infobygg :

Infobygg og matstove mm

Tekst og bilder kjem 😊

# Immateriell kulturarv

Lyngheisenteret forvaltar nasjonal kompetanse knytt til tradisjonell drift og forvaltning av sine kulturlandskap.

Vi har mykje dokumentasjon, og forskning om den tradisjonelle drifta, og målet er å halde kulturlandskapet i hevd tufta på denne kunnskapen. Ein svært viktig moment i dette er den heilskapeleg kunnskapen om ressursforvaltninga i dei gamle driftsmåtane, noko som er høgst aktuelt i dagens debatt om miljø, global oppvarming og matproduksjon.

Vi har også kokk /kjøkkenet som konserverer og bruker lokale råvarer frå drifta. Som vi serverer våre besøkande, ein god måte å formidle den immaterielle kulturarven på. Gjennom undervising, kurs, film, lokal mat og praktisk arbeid formidlar vi tradisjonelle driftsmetodar.

## Mål for avdelinga i 2017

**LYGRA MAT** Nytt prosjekt som er støtta av UTM midler frå Fylkesmannens Landbruksavdelinga og Museumssenteret i Hordaland. Dette er eit forprosjekt som starta opp i januar 2017 og skal gå fram til april 2018.

Lyngheisenteret ynskjer i samarbeid med Lygra Villsau og andre aktørar i regionen å starta opp ei foredlingsbedrift tufta på lokal matproduksjon og som har spesiell fokus på produksjon knytt til lyngheidrift. Dette er i tråd med Unesco sin konvensjon for sikring av immateriell kulturarv. Vi ynskjer å samla inn kunnskap og dokumentera både den materielle og immaterielle kunnskapen om mat og matkultur frå Lygra, Nordhordland og frå referanseområda for kystlynghei (jfr. utkast til handlingplanen for kystlynghei).

Lygra Villsaulag er eigd av dei 5 grunneigarane på Ytre Lygra, og har i dag 3 aktive gardsbruk. Vi ønskjer også få med oss bønder frå Indre Lygra og nærområdet i tillegg til bønder frå andre deler av Nordhordland som driv med produksjon primært knytt til lyngheiene. Vi har også kontakt med arbeidsgruppa «Smaken av Nordhordland» og sit no i styringsgruppa deira.

På Lygra har vi mange år drive lokal foredling og servering av villsaukjøtt (Gamalnorsk sau), Vestlandsk Fjordfe, sild, honning, poteter, lefser, flatbrød og grønnsaker. Dette har vore i mindre skala tilpassa mattilbodet for våre besøkande på infosenteret. Dette lager er tufta på gamle tradisjonar knytt til området vårt, med salting og tørking av kjøt og fisk. Det er stor interesse for produkt som er produsert og foredla på tradisjonell vis, og folk er opptatt av den kulturhistoriske bakgrunnen. Vi ser at marknaden for lyngheiprodukt har eit større potensiale enn vi klarer å produsere i dag.

På lengre sikt ynskjer å etablere eit Matkultursenteret på Lygra i samarbeid med aktuelle samarbeidspartnarar.

Slik kan ein sikre vidareføring av viktig praktisk kunnskap om konservering og bruk av råvarer innan tradisjonell matkultur med basis i tradisjonar og bruk av mat i Nordhordlandsregionen. I prosjektet har vi jobba med, sild, makrell, røye, fjordfe, villsau, urter og tang. Vi har hatt ein prøveproduksjon med foredla produkt av villsaukjøtt, som vi hadde testsal på før jul.

## Prosjekt «Hanndyrsentral for Gamalnorsk sau» ( Villsau) 2015 – 2017 - er eit samarbeid med Lygra Villsaulag og Landbruksforvaltninga i Lindås kommune.

Prosjektet er finansiert med støtte av UTM midlar frå FMH – Landbruk.

**Målet med prosjektet** er å sikre det genetiske mangfaldet som er ein viktig eigenskap ved villsauen. Det er eit mangfald av farger på ullen, utsjånad på sauen, på horn og bein. Mangfaldet må vere spesifikt for villsauen, slik at nettopp desse viktige eigenskapane kan bestå.

## Bakgrunn for tiltaket:

Nordhordland er etter kvart blitt eit område med mange flokkar med Gammalnorsk sau.

Denne sauene går ute og klarer seg sjølv om den går på godt vedlikehalde lyngbeite heile året. Kunnskapen om korleis ein skal skjøtte denne sauene er varierende, ein av utfordringane er å få ei god lynghei som gjev mat heile året, ei anna utfordring er korleis ein skal skaffe verar som rasetyppisk for Gamalnorsk sau. Då det ikkje er organisert egne verringar for Gamalnorsk sau er det vanskeleg å då tak i gode og godkjente værar. Det er mange som kryssar inn andre sauerasar av ulike grunnar, det føre til endringar i det genetiske materialet og kan til føre til tap av viktige eigenskaper, dette vil på sikt vere ødelggande for denne historiske rasen, det er viktig å behalde det store genetiske mangfoldet som denne sauene har. Det er mange som tek kontakt med senteret og med bøndene på gardane på Ytre Lygra når dei vil skaffe ny ver til sauene sine. Bøndene på Ytre Lygra har gode værar sjølv, men en har ikkje oversikt over kvar det finnes værar til sals eller kva slags kvalitet dei held.

Den gammelnorske sauene har mange positive eigenskaper:

- Den klarer seg godt på skrint lyngbeite om det er i godt hevd, og gjev nok mat heile året.
- Gode morsegenskaper og lett lamming
- Eit serdeles smakfullt og magert kjøtt og ull med mange bruksområder
- Stort genetisk mangfald

For å ta vare på alle disse gode eigenskapane, er det viktig å ha gode flokkar med dyr med rett utsjånad for arten og god ull og eit størst mulig genetisk mangfald. Særleg er det no viktig å sikre at ulla også blir tatt vare på. Dette var sauene som gav ull til vikingsegl og klede til folket langs kysten. Den Gamalnorsk sauene er også gjennom tusenår tilpassa til beiting i den skrinne lyngheia og bidrar til å hindra attgroing av kystlandskapet.

### **Kva vil ein gjere.**

Meininga er ikkje å drive avl på visse eigenskaper, men snarare det motsette – å sikre det genetiske mangfoldet som er ein viktig eigenskap ved villsauene. Det er eit mangfald av farger på ullen, utsjånad på sauene, på horn og bein. Mangfoldet må vere spesifikt for villsauene, slik at nettopp desse viktige eigenskapane kan bestå.

Sjølve prosjektet vil måtte bestå av kartlegging av gode flokkar, utarbeiding og bruk av kriteriar for å avgjere om verane har dei rette teikn på god rase, utarbeide retningslinjer for formidling (sal) av værar, kontroll med linjene for å forhindre innavl. For å få dette til har vi inngått eit samarbeid med Norsk Villsaulag. Norsk Villsaulag har utarbeida rasestandar for Gamalnorsk sau og heldt kurs og vermønstringar.

### **Mønstringssjå for værar av Gammalnorsk sau.**

Vermønstring gjekk av stabelen 23/9-2017 og det møtte om lag 50 dyr og 12-13 utstillarar frå Austrheim, Radøy, Meland og Lindås. Med god hjelp av leiaren for Norsk villsaulag. To dommarar frå høvesvis Sunnmøre og Rogaland gjorde ein flott jobb, medan Alf

Ottar Folkestad var med heile tida, svar på spørsmål og kom med råd og rettleing til utstillarane. Etter utstillinga var det tilbod om eit felles måltid i regi av Lyngheiseret. Det vart servert lokal mat og teke opptakt til stifting av Nordhordland villsaulag. På Lyngheiseret var det heile dagen utstilling av ull og andre produkt av villsau.

Gjennomgangen av dei dyra som vart vist fram, synta at det er mykje godt materiale idyra, særleg med omsyn til bruksegenskapar som slaktevekt/kjøttproduksjon og

skinnfellar for sal. Til tross for at sjået ikkje var eit ordinært kåringsjå, vart mange av dyra vurdert og gjeve poeng i samsvar med Norsk Villsaulag sin standard. Såleis fekk ein fram mange gode værar som kan nyttast vidare i avlen. Dette var jo siktemålet med hanndyrprosjektet – å få fram gode dyr for vidare bruk. Ein flokk

på fire flotte dyr frå Austrheim vart premiert med sløyfe og sær sars rosande omtale. Dette var til inspirasjon både for eigaren og dei som var komme for å lære meir.

**Vidare arbeid** :Slik arbeidsgruppa ser det ver det difor naudsynt å arbeide vidare.Ein kan tenkje seg å stifte Nordhordland Villsaulag og i regi av dette laget arrangerekårings sjå i dei par neste åra, samstundes som ein føl opp det andre siktemålet med hanndyrsentralen – nemleg arbeidet med ulla. Det bør og arbeidast aktivt med landskapskjøtsel, utnytting av utmark, arbeidet med kvalitet på slakt o.s.v.Samstundes vil ein kunne hjelpe Norsk Villsaulag i deira arbeid retta mot styresmaktene, slakteria og andre instansar som med sin aktivitet legg premisser for kva villsauen kan vere og korleis han vert nytta av produsentane og som grunnlag for nye næringar.

Vi søkte om nye UTM midlar hausten 2017 – for å forsette arbeidet i samarbeid med Villsaunæringa i Regionen, Landbruksforvaltninga, Mattilsynet og Norsk Villsaulag. Vi fekk mildar for 2 nye år, noko vi er svært takksame for. Planen er vidare å ha eit fagmøte for villsaubønder i regionen i byrjinga av februar 2018. Vi vil ha med folk frå Norsk Villsaulag, Mattilsynet, Landbruksforvaltninga , tema for møte vil vera berekraftig Villsaudrift og vi vil sjå på kva korleis situasjonen er for mange villsaubønder i dag i forhold til beitebruk, avlsvêrar, slakteresultat og økonomi. Vi vil også ha fokus på starta opp eit Villsaulag for Nordhordland. Vidare har vi plan for eit fellesmøte på forsommaren og ny Vermønstring til hausten

**Tema Immateriell kulturarv :**

## Lyngbrenning :



Lyngbrenning av kystlyngheia er ein handlingsbåren kunnskap og tradisjon på lik linje med mange andre tradisjonshandverk. Det er stor etterspørsel etter kompetansen til Lyngheisenteret når det gjelder kontrollert lyngbrenning og beiting av kystlyngheia. Vi har gjennom mange år arrangert kurs i lyngbrenning på både Lyngheisenteret og langs heile kysten frå Hvaler til Nordland.

Etter storbrannane i 2014, har det i aukande grad vore fokus på brannberedskap i tillegg til ordinær lyngheiskjøtsel. Lokale brannvernmannskap vert alltid invitert til disse kursa i tillegg til grunneigarar, sauebønder og andre interesserte.

Kunnskapen som vi har opparbeidd oss angående landskapsbrenning er svært relevant for brannvesenet, og med den aukande attgroinga ein har langs heile kysten er villbrannar ein aukande fare. Dette angår ikkje berre landbruket men og regional og kommunal forvaltning i høve til beredskap, arealplanlegging og til dømes bustadbygging. Det er difor svært viktig med ein god dialog med myndighetene slik at dei forstår betydninga av beiting og brenning for å redusere brannfaren i landskapet.

**Gjennom prosjektet «Kystlyngheia og langsiktige driftsopplegg med sviing»** som var eit samarbeid med FMLA Hordaland , kommunale landbrukskontor og lokale brannvesen har vi halde kurs for brannvesen, lokale bønder, kommunalforvaltning og andre interesserte i lyngsviing, Målet er å få meir sviing og meir langsiktige driftsopplegg i kystlyngheiene i Hordaland, òg på 'leigeareal'. Prosjektet tok sikte på å få til ein felles arena der ein kan auke kunnskapen, informere, og diskutere desse problemstillingane .Prosjektet vart avslutta i 2016, og vi ser no eit aukande fokus på faren for villbrannar pga. av klimaendringar, ekstrem tørke og vind kombinert med attgroing tett til busetnad.

Vi blir jevnlig kontakta for å gje råd til mange av dei som har vore på kurs og som no driv aktivt med lyngbrenning og anna kjøtsel av lyngheier langs kysten, fra Aust-Agder til Nordland fylke.

**Filmen «Kunsten å brenne lyng» laga vi i 2013 som viser denne handlingsborne kunnskapen i praksis i dag.** <https://www.youtube.com/watch?v=QKkgmLqrKKo>

**MÅL - FORMIDLING :**

## Formidling og tilrettelegging for publikum:

- Formidling gjennom ei tilrettelagt Naturløype med eigen turguide – ca 2,5 km lang tur gjennom kulturlandskapet og lyngheiene , - 4 km med tilrettelagte stiar for publikum, -Undervisningsopplegg med

aktivt deltaking i skjøtsel av lynchheiene, - Autentisk film om drift av ein kystlynggard,-Guida turar i Lynchheia og kulturlandskapet med vekt på ulike tema, - Opplevingsstur til Middelaldergarden på Lurekalven -Samarbeid med andre turrangørar, -Padleturar i Den Indre Farleia,-Fisketurar i Lurefjorden-Gardsbesøk på Luregarden- Servering av lokalmat og tradisjonsmat frå Lygra og Havrå, Kurs & konferanse, -Konsertar,- Fagseminar i samarbeid med andre aktørar, -Formidling av forskingsresultat fra UiB m fl.,- Kurs i skjøtsel av lynchheier- Familiesøndagar med aktivitetar for born. – Sauesanking.

### **Mål for avdelinga i 2017 - Formidling**

Vidareføre og vidareutvikle undervisning, formidlings og opplevingstilboda til publikum.

Starte arbeidet for ein ny utstilling på Lynchheisenteret.

Mons har begynt arbeidet med å lage ei ny utstilling. Eksisterande utstilling har stått sidan 2000, og vart sterkt skadd under brannen i 2013. Vi må tenke nytt og arbeidet har starta med å lage ei oversikt over dei ulike tema vi vil formidle om på Lynchheisenteret. Vi har to utstilling området, ei inne og ei ute i landskapet. Mons har også ansvar for det faglege knytt til kurs og undervisning av studentar og skuleklasser.

Det er også behov for å lage ein ny overordna formidlingsplan for Lynchheisenteret, kva som skal formidlast kor og korleis. Dette arbeidet fortsett i 2018

### **Oversikt 2017 :**

#### **Arrangement :**

Møteplass ull i samarbeid med Ullveka/ Møteplass ULL.

Viking og mellomalderdagar, samarbeid med Nordhordland Frie Vikinger (NHV)

Ullveka samarbeid m/ Hillesvåg, Sommarakademiet, Husflidslaget mfl okt.

Vermønstring for Gamalnorsk sau (villsau) – samarbeid med Lygra Villsaulag, og landbrukskontora i Nordhordland.

#### **Undervisning:**

1327 elever og studentar har delteke i ulike undervisningsopplegg på Lynchheisenteret.

**UiB institutt for biologi** har gjennomført 2 felt kurs i BIO10, der dei bruker samlingane våre ute til innsamling, dokumentasjon og forskning.

**Kulturhistorisk undervisningsopplegg** for grunnskulen i Nordhordland;» Mat for bymann og stril» eit samarbeid med Brørvikskuta, Den Kulturelle Skulesekken og Lindås kommune, ca 200 elevar deltok i år. Elvane får laga mat på gamle måten og lærer segling i Brørvikskuta, som er ein kopi av ei gamal frakteskute frå Osterfjorden.

**Familiesøndagar** med ulike tema – som ull og plantefarging, kjøtt, sausesanking, juleverkstad, Livet i fjøra, vikingdagar, slåttesøndag.

**Møteplassen for pensjonistane lokalt** : 7 samlingar

**Lynchheisenteret som deltakar på marknad/ reiseliv 2017 :**




Reiselivsmessa i Bergen 2017 januar

Visningstur med Norwegian Travel shop i Bergen med DS Oster til Lygra og Sletta. April 2017

Knarvik Mila 2017 september

Ullveka Marknad i Knarvik 22 og 23 september

## Utstilling : Trudi Jaeger.



*Illuminations Atlanterhavet Lygra* er en kunstnerisk undersøkelse relatert til utsatte kystområder som har tilknytning til Nordsjøen og Atlanterhavet . De sårbare lyngheilandskapene på Lygra i Nordhordland har betydningsfull plass i dette arbeidet. Installasjon/separatutstilling med maleri, tegning og stille performans på Lyngheimuseet, Nordhordland 18.06. – 9.07. 2017.



Den Permanente utstillinga «Det stig av Hav». I tillegg har vi hatt utstilling juni – september om Lokale handverk med vekt på ull frå Gamalnorsk sau.

**Møteplass ULL 23.mars 2017**

### **Møteplass ULL /Ullveka 2017 :**

Arbeidsgruppa i Ullveka /Møteplass Ull har jobba vidare med Ullveka og Møteplass. I arbeidsgruppa sit som før Hillevåg Ullvarefabrikk, Sommarakademiet v/ Karin F. Svarstad, Husflidskonsulenten i Hordaland og Lyngheisenteret.

Vi har fått hjelp av Nordhordland utviklingselskap til å vidareutvikle prosjektet. Vi som sit der er alle travle og har mykje anna styre med, så målet å få inn ein prosjektleiar for ein periode som kan vere med å løfta heile arbeidet med Ullveka / Møteplass ULL. Det er stor interesse for auka satsing på norsk ull, og mange næringsaktørar er interessert. Samtidig er kunnskapen om korleis ein har nytta ull før ikkje så stor lenger, her har museet ei oppgåve.

**Møteplass ULL torsdag 23. mars vart arrangert i Knarvik**, vert det møte med tema Ull som Næring med bl.a. Ove Holmås, Lindås Sau og Geit, Ingun G. Klepp og Tine Tobiassen frå KRUS prosjektet, leiar i Norsk Villsaulag Alv Ottar Folkestad, og Årolilja Jørgensrud frå Krivi Vev. Over 80 stk møtte opp, stor interesse i regionen.

**TEMA: ULL SOM NÆRING**

Betne ca 20% av den norske uller vett i dag bruk i Norge. Resten av ull vett særst i England for vettling. Her vert det av den norske lammindustrien som høvetruvde ull. Fåna skjær i dag, kær bruk av norsk ull gje grunnlag for ny næringsutvikling?

Er kvaliteten og arbeidsmetoden god nok for dette? Følelsen er å bli ut næringsutvikling som kanskje villet vett bruk i dag. Kan ressurs den norske uller kær vone, og gje på nye moglegheiter for auka satsing på norsk ull. Målgrova for møtet er samarbeidet handverkare, husflid, industri og folk med interesse for ein beredtegg, ressurs.

**MØTEPLASS ULL**

TORS DAG 23. MARS

KL 17.30 - 21.00

DAMPEN I KNARVIK

Høgskole g., under Nordhordlandstunet.

**PROGRAM**

Velkommen v/ Karin F. Svarstad og Torhild Kvingedal  
Øyvind Myhr, leiar Hillevåg Ullvarefabrikk  
Krus prosjektet v/ Forskar Ingunn Grimstad Klepp og Tone Tobiassen  
Årolilja S. Jørgensrud, Krivi Vev, Tingvoll  
Norske Filmmakere v/leiar Sissel Midtved  
Meland Antinnus v/ Sliag Ove Jacobsen

Snakkepause med kaffi og kaker

Lindås og Meland Sau & Geit, v/ Ove Holmås  
Alv Ottar Folkestad, leiar Norsk Villsaulag  
Biosafarprosjektet v/ Petter Ernil Kaland  
Oppsummering - og vel heim

GRATIS INNGANG.

AVLØST AV HORDLANDSUTVIKLINGSSELSKAPET

### **Vermønstring for Villsau 23 september på Lygra**

Det møtte om lag 50 dyr og 12-13 utstillarar frå Austrheim, Radøy, Meland og Lindås. To dommarar frå høvesvis Sunnmøre og Rogaland gjorde ein flott jobb, medan Alf



Ottar Folkestad svar på spørsmål og kom med råd og rettleiing til utstillarane. Alle 3 stilte som representantar frå Norsk Villsaulag. Gjennomgangen av dei dyra som vart vist fram, synte at det er mykje godt materiale i dyra, særleg med omsyn til brukseigenskapar som slaktevekt/kjøttproduksjon og skinnfellar for sal. Til tross for at sjået ikkje var eit ordinært kåringsgå, vart mange av dyra vurdert og gjeve poeng i samsvar med Norsk Villsaulag sin standard. Såleis fekk ein fram mange gode verar som kan nyttast vidare i avlen.



**Søndag 24.september** hadde Lyngheisenteret besøk av Kjersti Follesøy frå Statens Naturoppsyn. Det var Familiesøndag og første helga i Ullveka, så Kjersti var her for å vise korleis ein kan farge garn og for å snakke om det viktige arbeidet ho og Statens Naturoppsyn gjer.

**Sauesankinga er ei viktig del formidlinga vår:**

Første helga i juni og oktober har det vore sauesanking. I år hadde vi det siste helga i mai og det møtte 65 opp til å vera med på sankinga på Tangane. Her er det ope for alle aldersgrupper frå 0 – 100 år. Etter sankingar får alle som vil vere med å sjå på når vi klipper og vaksinerer sauene ( mai/juni) , og vi har boller og saft for alle som har vore med. På Lurekalven er det meir krevande terreng og alle frå ca. 14 år som er god kondisjon kan vera med. Her blir det informert om dyehaldet på Kalven og vi serverer varm suppe til alle etter sauene har kome på gjerde, Det er stor interesse frå publikum til å vera med på dette. Sankinga gjekk greitt, og arbeidet har vorte lettare etter ein fekk flytta sankegjerde på Tangane.



Mange barn og foreldre deltok på sauesankingane våre. Her får dei vere med på sankinga og etterpå med klipping og vaksinering



Foto : Leif Arne Furevik

**Viking og mellomalder dager 11. – 13.august :**



Samarbeid mellom Frie Vikinger i Nordhordland og Lyngheisenteret . 3 dagar med marknad, foredrag og omvisingar , handverk, utstilling mm. Ca 600 var innom marknaden i løpet av helga. Markedsfolk og artister fra Polen, Danmark og Norge kom til Lygra. 20 historiske telt og deltakere som formidla eit historisk sus fra vikingtid tidlig middelalder. Brikke-veving, Oppstad-veving , Plantefarging, Pilefletting, , Treskjæring, Lærarbeid, Smykker i kopier av vikingtidssmykker, Kampsport, Bue-skyting og

Skalden som fortalde fra vår Norrøne Mytologi.



**Ullveka 2017 :**

Arbeidsgruppa i Ullveka /Møteplass Ull har jobba vidare med Ullveka og Møteplass.



**Natt på fabrikkens på Hillesvåg- med strikkebok lansering og nye mønster med villsaugarn og norsk ull.**

I arbeidsgruppa sit som før Hillevåg Ullvarefabrikk, Sommarakademiet v/ Karin F. Svarstad, Husflidskonsulenten i Hordaland og Lyngheisenteret.

Vi har fått hjelp av Nordhordland utviklingselskap til å vidareutvikle prosjektet. Vi som sit der er alle travle og har mykje anna styre med, så målet å få inn ein prosjektleiar for ein periode som kan vere med å løfta heile arbeidet med Ullveka / Møteplass ULL. Det er stor interesse for auka satsing på norsk ull, og mange næringsaktørar er interessert. Samtidig er kunnskapen om korleis ein har nytta ull før ikkje så stor lenger, her har museet ei oppgåve.



Frå opninga av Ullveka på Knarvik Senter



## MÅL FORSKING OG DOKUMENTASJON

### KRUS "Enhancing local wool value-chains in Norway"



Lynghesenteret er med i forskningsprosjektet "Enhancing local wool value-chains in Norway: KRUS" som er leia av forskar Ingun Grimstad Klepp ved Statens institutt for forbruksforskning. Målet er å undersøke og sjå potensiale og moglegheiter for grøn vekst gjennom lokalt forankra verdikjeder. Ei av disse verdikjedene er ull frå Gamal Norsk Sau (Villsau).

Vi har saman med Hillesvåg Ullvarefabrikk ansvaret for ei arbeidspakke der vi ser på betre utnytting og bruksområder for ull frå Villsau.

Vi har jobba med utvikling av produkt i villsaugarn, og ullkvalitet knytt til «avl» - utval av individ og verar og problemstillingar knytt til utval av spesielle eigenskapar som for eksempel ull i forhold til genetisk mangfald.



Hillesvåg har jobba opp mot ulike aktørar når det gjeld garnkvalitet og produktutvikling. Ein av samarbeidspartnarar på produktutvikling er Krivi Vev på Tingvoll. Vi besøkte dei i saman med dei ande i arbeidspakka vår, NIBIO Tingvoll og Selbu spinneri.

- **Modeller /oppskrifter /design :**

2017: Brita Løkken ved Hillesvåg har designa egne lue oppskrifter for Lynghesenteret, dei vart lansert på Ullveka og vi er no i gang med å laga strikkepakker Hillesvåg har også laga oppskrifter på vottar, sokkar, genser og trøye i villsaugarn, m/ strikke pakker.



**Isa langlue**



**Jolanda lue**




**Isa lue**



- Karin F. Svarstad har saman med 2 lokale handverkarar Anne Grete Breisnes, (vevar) frå Austrheim, Leto Design v/Elin Gaulen frå Lindås designa, vevd og sydd ein kolleksjon i Villsau ull. Denne vart vist fram på opning av Ullveka i september

## Landpress :



Er eit forskingsprosjekt som UiB inst for biologi v/ Vigdis Vandvik starta våren 2016. Kombinasjonen av klima- og landbruksendringar utgjer aukande trussel mot naturverdiane. LandPress studerer korleis klima- og bruks-endringar påverkar biologisk mangfald og naturgoder i norske kystlyngheier. Vi er samarbeidspartnar og det vil bl.a. bli lagt ut forsøksfelt i lyngheiene. I forskingsprosjektet skal ein:

Teste om aktiv hevd i form av lyngsviing kan forebygger tørkeskade.

Å undersøke om lyngsviing er et effektivt tiltak for å restaurere skada lyngheier.

Nokre av eksperimenta inngår i eit internasjonalt samarbeid (International Drought Experiment) som vil sette vår forskning inn i ein større samanheng på tvers av geografiske regionar og naturtypar.

I ein større samanheng skal ein sjå på korleis landbruket produserer økosystemtjenester til fordel for samfunnet, med særleg vekt på redusert brannrisiko.

Land Presser er eit stort team som favner både det naturfaglege og det samfunnsfaglege perspektivet på lyngheiene og det er mange kompetanseområder som arbeider saman. Arbeidet er viktig for forvaltninga og dei samarbeider med både fylkesmenn, Statens naturoppsyn, Lyngheisenteret og private grunneigarar og bønder som held lyngheiene i hevd.

Mons Kvamme er medlem av referansegruppa for forskingsprosjektet LandPress ved UIB og har deltatt på fleire samlingar, og vore med i felt for å læra prosjektdeltagarane i teknikkar ved lyngbrenning.

<http://www.uib.no/fg/eecrg/95158/landpress>

### Utdrag rapport om arbeidet i 2017 :

Kvifor LandPress?

**Klimaendringar** Dei siste åra har demonstrert ein ny trugsel for kulturlandskapet vårt –klimaendringar. Noko av det som er mest sikkert med framtidens klima er at det vil vere meir ustabil. Det vil truleg kome meir nedbør i løpet av året, men gjerne fordelt i kraftige nedbørperiodar. Mellom desse periodane kan det verte tørrare enn det vi er vande med i dag.

**Kva skjedde i 2014?** I 2014 skjedde akkurat dette. Det var ein lang periode med kaldt ver, mykje sol og lite nedbør. Store områder langs kysten fekk tørkeskadar og landskapet vart omgjort til ei brannbombe. Like etter tørka følgde dei store brannane i Lærdal, Flatanger og på Frøya. Sjølv om tørkeperioden ramma det meste av Noregskysten var det store variasjonar i kor hard røsslyngen vart råka, særleg mellom lyngheier i ulike hevd. Dette synleggjorde behovet for ny kunnskap om korleis skjøtsel og klima saman skapar mogelegheiter og utfordringar for kystlyngheia.

Kven er vi i LandPress?

Vigdis Vandvik –prosjektleder, Universitetet i Bergen

Liv Guri Velle -prosjektleder, Møreforskning

Pål Thorvaldsen –NIBIO

Siri V. Haugum –doktorgradstudent, Universitetet i Bergen

Christine Pötsch –tekniker, Universitetet i Bergen

Inger Måren –Universitetet i Bergen

Julie Aslaksen –Statistisk sentralbyrå, Kristine Grimsrud –Statistisk sentralbyrå

Per Arild Garnsjordet –Norsk Institutt for Naturforskning/SSB

Inger K. Schmidt –Universitetet i København

Matt Davies –Universitetet i Ohio

### **Eksperiment 1 : Lyngsviing etter tørkeskade**

I det første eksperimentet vårt undersøker vi kor motstandsdyktige dei norske kystlyngheiene er mot konsekvensane av tørkeskade. Vi testar om lyngsviing er ein effektiv måte å restaurere tørkeskada lyngheier på, og vi følger utviklinga i tørke skada lynghei som ikkje blir brent. Vi trur at dei lyngheiene som er i god hevd er meir motstandsdyktige mot tørkeskade, og at dei er lettare å restaurere etter ein tørkeskade, enn lyngheier i dårleg hevd. Lyngheier i god hevd er prega av regelmessig lyngsviing og beite, med lyng i ulike alder. Dersom lyngsviing opphøyrer vil landskapet gradvis gro att. Det er mogleg å restaurere attgrodde lyngheier ved rydding, brenning og beiting, men dersom det er lenge sidan bruken har opphøyrd kan det ta lang tid å sette lyngheia i stand

### **Eksperiment 2: Verdastaste tørkeeksperiment?**

Alle artar har ein viss tilpassings dyktigheit –fenotypiskplastisitet –som gjer at dei kan tilpasse seg endringar i miljøet. Dette er særleg viktig for plantar som ikkje kan flytte seg til ein anna miljø slik dei fleste dyr kan. Dersom det til dømes er særleg dårleg tilgang på sollys kan planten til investere energi i å vekse seg høg i håp om å nå meir sollys. Plastiteten dekkar som regel den variasjonen i miljøet som planten kan forvente å oppleve. Sidan plastiteten blir påverka av miljøet til planten kan to individ av same art som veks i ulike miljø ha ulik plastitet. Kystlyngheiene i Noreg finnes i nedbørsrike områder og artane som veks her er godt tilpassa det fuktige klima. Vi forventar derfor at dei vil tole meir nedbør godt, men mangel på nedbør dårleg. Prognosane for framtida tyder på at vi vil få meir nedbør i løpet av året, men at fordelinga av nedbør vil bli meir variabel, med fleire ekstremnedbørsperiodar og også fleire tørkeperiodar.

Tørkeskadane i 2014 tyder på at dette stemmer, men det er vanskeleg å seie kor grensa går for kor mykje tørke lyngheiene toler. I dette eksperimentet simulerar vi moderat og ekstrem tørke i kystlynghei i ulike fasar (tid sidan førre brenning) i både sør og nord ved å montere tak som drenerar bort delar av nedbøren. Vi kan dermed studere korleis plastiteten varierar med aukande tid sidan brenning og om det er forskjellar mellom nord og sør. Vi målar endringar i plantesamfunnet og i samansettinga i jorda og samlar data på nedbør, temperatur og jordfuktighet. Dette gjer at vi betre kan forstå korleis ulike miljøfaktorar påverkar kystlyngheiene og dei økosystemtenestene dei leverar.

Tørkeeksperiment av den typen vi utfører, blir gjort over heile verda i mange ulike naturtypar. Vi trur likevel at vårt tørke eksperiment verdastaste!

## Forskningsprosjektet HIDDEN COST

Hidden costs of implementing afforestation as a climate mitigation strategy: A comprehensive assessment of direct and indirect impacts (HiddenCosts)



Kva skjer egentleg når ein plantar skog eller lar ope landskap gro att?

Forskningsprosjektet HiddenCosts samla i 2017 data i ulike naturtypar på og rundt Lygra. Dei ser på samansetting og struktur av vegetasjon og jord og undersøker kor mykje karbon som er lagra i jorda og i plantar og tre. Dette gjer dei i ope landskap som t.d. lynghei og grasmark, i planta

granskog og i attgroingsskog. Dei opne landskapa i Noreg er i ferd med å gro att. Skogplanting er foreslått som eit tiltak for å binde karbon og motverke klimaendringane. Men binder planta skog egentleg meir karbon enn naturskog? Og er det meir karbon lagra i skog enn i opne landskap? For å finne svar på dette må vi rekne på heile karbonbudsjettet til dei ulike landskapa – inkludert karbonet i jorda og kostandane ved planting og hogst. HiddenCosts kombinerar felteksperiment og klimamodellar for å undersøkje om, og kor, det lønner seg å plante skog for klimaet.

Hanna Lee (Uni Research Climate) er leiar for prosjektet

**Hidden costs of implementing afforestation as a climate mitigation strategy: A comprehensive assessment of direct and indirect impacts (HiddenCosts)** Les meir på (engelsk tekst):

<http://uni.no/.../hidden-costs-of-implementing-afforestation.../>

Studentar frå AHKR – UIB:



Vi hadde 2 praksisstudentar frå AHKR , Ida og Louise som deltok i å Fiska sild i Lurefjorden og fekk vera med å laga sursild etter gamal oppskrift. Resultatet vart nydeleg !

Elles deltok dei også i arbeidet på gardane på Ytre Lygra.



# Fornyng - Nettverk og Internasjonalt samarbeid

## Har avdelinga mål/strategiar for internasjonalt

Gjennom det Nasjonale Lyngheinetteret som vi er leder av, har vi kontakt med lynghei forvaltninga i Sverige, Danmark og Finland. De blir også invitert til våre nasjonale samlingar. Samlinga for det nasjonale netteret skal vere på Lyngheisenteret 13 – 15 juni 2018.

## **Deltaking i Nettverk og internasjonalt samarbeid 2017 :**

« Fire for life » i Finland 26. - 28. april. Dette var en konferanse om bruk av ild til skjøtsel av ulike vegetasjonstyper og skog. Mons Kvamme deltok og heldt innlegg om Lyngheisenteret og bevaring av dei norske kystlyngheieme.

«15th European Heathland Workshop» 20. - 26. august. Nettverksmøte for forskarar, forvaltarar og andre som arbeider med lyngheier i Europa. Torhild Kvingedal og Mons Kvamme deltok og heldt innlegg om Lyngheisenteret og bevaring av dei norske kystlyngheiene.

North Atlantic Native Sheep and Wool konferansen på Isle of Man 9-16 okt. Torhild Kvingedal deltok.

## **Samarbeid med Universitet i Bergen og Biorfæreprosjektet i Nordhordland**



Universitetet i Bergen (UiB) vart i 2016 tildelt ein UNESCO Chair innanfor temaområda "Sustainable Heritage and Environmental Management. Nature and Culture» .

UiB har oppretta to UNESCO professorat knytt til arbeidet med biosfæreområdet i Nordhordland, der Inger Måren er tildelt det eine. Lyngheisenteret er fram til eit godt samarbeid med biosfæreprosjektet i Nordhordland og med Inger Måren.

## **Samfunnsoppdraget 2017 :**

### **Korleis definerer avdelinga sitt samfunnsoppdrag?**

Vi skal gjennom dokumentasjon og kunnskap bevare dei autentiske kystlyngheiene gjennom eit tradisjonell aktiv driftsform. Denne driftsforma som er mange tusen år gamal, står i sterk kontrast til dagens forvaltning av kulturlandskapet og produksjon av mat.

Det industrielle landbruket gjev samfunnet mange utfordringar, mellom anna i høve til attgroing av kulturlandskapet, trusselen mot det biologiske mangfaldet, og våre energi krevande metodar for matproduksjon.

**Lyngheisenteret har som mål å bidra aktivt med vår kunnskap og dokumentasjon i høve:** forskning og utvikling, offentleg forvaltning, næring, miljøvern, den offentlege samfunnsdebatten og ulike nettverk knytt til Kystlyngheiene, kulturlandskapet og det biologiske mangfaldet både nasjonalt og internasjonalt. Mons Kvamme (MKv) er engasjert av Lyngheisenteret for å drive med undervising, kurs og dokumentasjonsarbeid mm eksternt både i nasjonalt og internasjonalt .



## Eksterne kurs og informasjonsarbeid i 2017.

**Kontrollert lyngbrenning** Etter storbrannane i 2014, har det i aukande grad vore fokus på brannberedskap i tillegg til ordinær lyngheiskjøtsel. Lokale brannvernmannskaper blir no alltid invitert til disse kursa i tillegg til grunneigarar, sauebønder og andre interesserte. Den kunnskapen som vi har opparbeida når det gjeld landskrapsbrenning er svært relevant for brannvesenet. Samtidig som det er viktig med ein god dialog for at betydinga av beiting og brenning for å redusere brannfaren i landskapet blir forstått av myndighetene.

Kunnskapen som vi har opparbeidd oss angående landskrapsbrenning er svært relevant for brannvesenet, og med den aukande attgroinga ein har langs heile kysten er villbrannar ein aukande fare. Dette angår ikkje berre landbruket men og regional og kommunal forvaltning i høve til beredskap, arealplanlegging og til dømes bustadbygging. Det er difor svært viktig med ein god dialog med myndighetene slik at dei forstår betydinga av beiting og brenning for å redusere brannfaren i landskapet.

**Gjennom prosjektet «Kystlynghei og langsiktige driftsopplegg med sviing»** som var eit samarbeid med FMLA Hordaland, kommunale landbrukskontor og lokale brannvesen har vi halde kurs for brannvesen, lokale bønder, kommunalforvaltning og andre interesserte i lyngsviing. Målet er å få meir sviing og meir langsiktige driftsopplegg i kystlyngheiene i Hordaland, òg på 'leigeeareal'. Prosjektet tok sikte på å få til ein felles arena der ein kan auke kunnskapen, informere, og diskutere desse problemstillingane. Prosjektet vart avslutta i 2016, og vi ser no eit aukande fokus på faren for villbrannar pga. av klimaendringar, ekstrem tørke og vind kombinert med attgroing tett til busetnad.

Det er fortsatt stor etterspørsel etter kompetansen til Lyngheisenteret når det gjeld kontrollert lyngbrenning og beiting av kystlynghei.

Mons Kvamme har på vegne av Lyngheisenteret halde 12 regulære skjøtselskurs, fordelt slik:

Sør-Trøndelag: 1 (privat grunneigar/Norsk Botanisk Forening),  
Sunnmøre: 2 (private grunneigar/kommunalt brannvesen),  
Sogn & Fjordane: 1 (NLR Vest),  
Hordaland: 1 (private grunneigarar),  
Rogaland: 6 (NLR Rogaland/diverse kommunar/private grunneigarar).

Aktiviteten i Rogaland var spesielt høg i år, det har samanheng med at Mons i samarbeid med NLR Rogaland over fleire år har til hjelp med å etablere ei privat innsatsgruppe for lyngbrenning på Haugalandet. Dei er nå langt på veg sjølvgåande, men fleire vil no gjera noko liknande og no prøver ei gruppe på Høg-Jæren å få til et linande opplegg. Ikkje alle kursa i Rogaland var knytt opp mot dette, tre av kursa han hadde (Haugesund, Sola og Strand kommune) var ikkje relatert til dette prosjektet.

Fleire kurs står også «på vent», dvs. at dei ble avlyst i fjor pga. vêrtilhøva og vil bli gjennomført når det blir mogeleg. Dette gjeld bl.a. et kurs på Stad. Vidare har Mons jevnleg kontakt og gir råd til mange av dei som har vore på kurs og som no driv aktivt med lyngbrenning og anna skjøtsel av lyngheier langs kysten, frå Aust-Agder til Nordland fylke.


I fleire år har Mons Kvamme vore engasjert av RA for å utvikle ein skjøtselsstrategi for området rundt Helleristningsfeltet i Vingen. Her var det ikkje mogeleg å brenne i 2017, men ein fekk gjennomført ei omfattande rydding av skog og kratt i samarbeid med SNO. Mons er også ansvarleg for ein kontinuerleg vegetasjonsovervåking i området.

Sidan 2009 har Mons vært rådgjevar for kommunar og sauebønder i Vest-Jylland når det gjeld skjøtsel av lyngheiene. Sjølv om dei begynner å bli sjølvgåande, var han også i år invitert til å komme ned for sjå på effekten av det ein har gjort og å planlegge det vidare arbeidet.

Med hjelp frå prosjektet har han også halde det digitale kartet over

brannhistorikken på Lyngheisenteret er oppdatert.

Mons Kvamme har i 2017 vært engasjert som medforfatter til Bondens kulturmarksflora for Vestlandet. Denne vert utgitt av NIBIO i mai 2018.



### **Nasjonal koordinator/rådgjevar for MD for Kystlynghei som utvald naturtype etter naturmangfaldsloven.**

Lyngheisenteret har vært ansvarlig for den faglige delen av handlingsplanen for kystlyngheier. Den faglige delen vart utvida / revidert i 2013 – v/ Mons Kvamme og Peter Emil Kaland i samarbeid med MD. Planen er nå ferdig, reknar og den vart vedtatt våren 2015.

Sidan 2012 har Lyngheisenteret v/Mons Kvamme fungert som nasjonal koordinator/rådgjevar for MD når det gjeld Kystlynghei som utvald naturtype etter naturmangfaldsloven.

MD har inngått en 3-årig avtale (2015-2017) med Lyngheisenteret om å fungere som fagligrådgiver/koordinator for arbeid med kystlynghei som utvalgt naturtype. Dette gjelder både i forhold til forvaltningen på alle nivå, private grunneiere og andre aktører som driver med aktiv skjøtsel av kystlynghei. Forskriften som gir kystlyngheiene status som utvalgt naturtype ble formelt vedtatt av Regjeringen den 7. mai 2015. **Handlingsplanen for Kystlyngheier**  
<http://www.miljodirektoratet.no/no/Nyheter/Nyheter/2015/Mai-2015/Kystlynghei-er-utvalgt-naturtype/>

**22.01.2018 Torhild Kvingedal**